

**Til stades:** Hilde Reitan - leiar, Thor Hauknes - nestleiar, Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud (var borte under sak 51), Silje Solberg, Thomas Nilssen

Ole Erik Feragen – 1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – dei tilsettes representant, Solfrid Gjeldokk under sakene 49 og 50, John Stenersen under sak 51, Sina Myhr under sakene 55, 56 og 57.

**Tid:** Fredag 18.september kl. 9-12, kl.13-15.

**Stad:** Via Teams

## Referat

- Styresak 2020/47 Innkalling og sakliste**
- Styresak 2020/48 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**
- Styresak 2020/49 Årets lokallag og årets folkemusikkarrangør**
- Styresak 2020/50 Gamle vandrepemiar frå NFD – kva gjer vi med dei?**
- Styresak 2020/51 Folkelarmprisen - avklaring**
- Styresak 2020/52 Folkemusikksendinga – informasjon om plan**
- Styresak 2020/53 Presentasjon av utkast til folkartist.no**
- Styresak 2020/54 Strategi for folkemusikk og folkedans – første drøfting**
- Styresak 2020/55 Medarrangør for folkedanshelg på Riksscenen hausten 2021**
- Styresak 2020/56 Alternative løysingar for Landskappleik og Landsfestival 2021**
- Styresak 2020/57 Utforming av prosjektet Musikalske leiarar**
- Styresak 2020/58 Eventuelt**
  
- Styresak 2020/47 Innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

## Styresak 2020/48 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

### a) Driftsrapport per 8.september 2020

#### a. Rådgjeving/Opplæring/service

- i. Vi har informert om ei rekke tilskotsordningar, temamøte, påmeldingsfristar mm. til medlemmene.
- ii. Vi har fått ny medlemsfordel; rabatt på The Folk Music Academy.
- iii. Vi har sendt ut informasjon relatert til Covid-19-pandemien.
- iv. Vi har sendt inn søknad om Momskompensasjon på vegne av sentraleddet og underledd
- v. Vi har samarbeidd med Norske Konsertarrangørar om Webinar for konsertarrangering der fokuset var retta mot arrangement og Korona.
- vi. Hilde Reitan har delteke på årsmøtet i Gudbrandsdal folkemusikklag.

#### b. Formidling og arrangement – oppsummering:

##### i. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:

1. Har fått avklart at det kan blir delt ut to kongepokalar på Landskappleiken 2021, grunna årets avlysing.
2. Oppmoda lokallag til å søke om å vere lokal arrangør av LK og LF
3. Vi har oppdatert nettsider til å gjelde 2021 og lagt ut stoff.
4. Arbeider med å gjere arrangørhandboka digital.
5. Har tilbydd/informert LK og LF 2021 å delta med informasjon/reklame/innslag i folkemusikksendinga, følger dette opp vidare for å sikre oss gode innslag og reklame for arrangementa.
6. Dialog med neste års arrangørar kring Covid-19-pandemien.

##### ii. Folkelarm

1. Vi har arbeidd med å tilpasse Folkelarm til ei digital løysing, og har vald leverandørar av strømmetenester og betalingsløysingar.
2. 15 norske artistar er vald ut.
3. Vi har vore i kontakt med Folker og Folk Galore. Dei skal skrive.
4. Vi har byrja å invitere norske delegatar til Folkelarm
5. Alle artistane har fått sin eigen webartikkel på nettsida med bilete med logo og kontaktinformasjon, lenker og tekst.
6. Folkelarm.no har fått ny farge og ny logo og vil framover verte oppdatert med mykje informasjon om korleis folk skal få med seg Folkelarm 2020.
7. Vi tenkjer det skal være god reklame for Folkelarm i straumesendinga i oktober, både i form av ein eller fleire Folkelarmartistar og reklamefilmar.
8. Har laga annonser for Folkelarm til magasinet Folkemusikk og for dei tyske magasina Folker og Folk Galore i tillegg til reklame tilpassa sosiale medium.

##### iii. Introfolk

1. INTROfolk vert ein del av straumesendinga "Folkemusikk i heile landet" med opptak laurdag 3. oktober.. Alle artistane får då eit profit opptak av sin konsert som dei kan nytte som dei ønskjer, i tillegg til at vi eig filmene og kan sende dei som enkeltstående konsertar på YouTube og Facebook i forkant av Folkelarm 2020. Dommarane er til stades på opptaksdagen og

får slik sjå konserten live. Sjølve vinnaren vert kunngjort på under Folkelarmprisen og premien vert delt ut der.

2. INTROfolk er marknadsført i Folkemusikk og sosiale medium
3. Førdefestivalen, Jørn Hilme stemner og Farsund Folk Festival støttar alle opp med 10 000 kroner kvar i sponsorstøtte til straumesendinga, og vert med det sponsorar for INTROfolk saman med hovudsponsor GRAMO.

c. Informasjon og opplysning – oppsummering:

i. Folkemusikk – magasinet:

1. Folkemusikk nr. 3/2020 kom ut i veke 36.
2. Folkemusikk nr. 4/2020 er under planlegging; dei fleste artiklar er tinga, og dei siste artiklane vil bli tinga i løpet av september månad.
3. Første sesong av Folkemusikks podkast er i praksis sleppt, på fem episodar (ein sjette og siste episode er blitt forseinka, og kjem i løpet av september). Totalt har dei fem episodane blitt lytta til 700 gonger, eit heilt OK tal mtp. at det ikkje er brukt ei krone på marknadsføring av podkasten. Redaktøren vil ved høve søke midlar til ein ny podkast-sesong, og vise til at vi alt har ein sesong 1 ute. Det er ikkje planar om å lage fleire Folkemusikk-podkastar, med mindre det kjem øyremerkte midlar til dette.

ii. Anna informasjonsarbeid

1. FolkOrg.no

- a. Vi har følgd med på kva smittevernleglar som gjeld til ei kvar tid og formidla dette til dei ulike medlemsgruppene våre.

d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:

- i. Arbeidet saman med eit samla musikkfelt for kompensasjons- og stimuleringsordningar for musikkfeltet heldt fram.
- ii. Vi har sendt innspel til ny stimuleringsordning for kulturfeltet til KUD.
- iii. Vi har delteke på innspelsmøte i Music Norway om ny internasjonal strategi for kulturfeltet, samarbeid mellom Kulturdepartementet og Utanriksdepartementet, og gitt innspel der.
- iv. Vi har saman med Norsk senter for folkemusikk og folkedans (SFF), lagt opp til ei møterekke med ulike tema, som forarbeid for våre innspel til Kulturdepartementets arbeid med ein strategi for folkemusikk og folkedans.. Deltakinga har vore stor og det same har engasjementet. Vi skal ha eit oppsummerande møte 21.september. 12. Oktober skal KUD ha eit innspelsmøte i samband med representantskapsmøte for SFF. Frist for skriftlege innspel til KUD er 30.november.
- v. Hilde Reitan har delteke på middag med styret i Kulturalliansen.
- vi. Silje Solberg har sendt avskjedshelsing frå FolkOrg til tidlegare kulturminister Trine Skei Grande.

e. Særskilde satsingar

i. Rekruttering

1. Betalt ut tilskota for årets tildeling.
2. Fått inn kvartalsrapportar frå rekrutteringsprosjekta og levert ein samla rapport til Dextra
3. Omarbeida prosjektbeskrivinga av det nye Dextra-prosjektet.
4. Samarbeida med Dextra Musica om å koble rekrutteringsprosjekta med musikanane med Dextra-instrument.
5. Fleire av Dextra prosjekta vert omtala i straumeseninga 3. oktober

ii. Informasjon / formidling / dokumentasjon

1. Har annonsert for FolkOrg om Landsmøtet 2021, medlemskap i FolkOrg, nye medlemslag og utlysning av søknadsfrist for å arrangere LK og LF i åra framover.
  2. Har jobba mykje med straumesendinga "Folkemusikk i heile landet" Det har vore eit tidkrevjande arbeid.
- iii. Folkedans
1. Samrådsmøte for folkedans i forkant av innspelsmøta i september.
  2. Eiget møte med senteret og NU angående Dansearven og omskriving av tiltakspunkta i denne rapporten, for å tilpasse dei situasjonen i 2020.
- b) **Rekneskapsrapport per august 2020**
- c) **Brev frå Martin Myhr om NRK folkemusikk**
- d) **Medaljar til heidersmedlemmer – status i arbeidet.**

*Vedtak:*

*Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:*

- a) Ingen merknad til driftsrapporten.
- b) Ingen merknad til rekneskapsrapporten.
- c) Vi orienterer Martin Myhr om det arbeidet FolkOrg gjer retta mot NRK for å få ei større satsing på folkemusikk og folkedans.
- d) Styret stiller seg bak utforminga av medaljar til heidersmedlemmer som er utnemnd sidan FolkOrg vart stifta.

#### **Styresak 2020/49    Årets lokallag og Årets folkemusikkarrangør**

*Vedtak.*

*Vi lyser ut Årets lokallag og Årets folkemusikkarrangør ein gong til med frist 28.september. Vi legg vekt på handtering av Covid-19- situasjonen for arrangørarr. Vi engasjerer områdelaga til å finne kandidatar. Styret held eit ekstra styremøte for å velje nominerte og vinnarar rett etter fristen. Dei nominerte vert presentert under sendinga «Folkemusikk i heile landet».*

#### **Styresak 2020/50    Gamle vandrepremiar frå NFD – kva gjer vi med dei?**

*Vedtak: Vandrepremiane som er att etter NFD sine tevlingar vert gitt til den som har flest napp, og om det er fleire med like mange napp, vil den som har det siste nappet av dei få premien til odel og eige.*

#### **Styresak 2020/51    Folkelarmprisen – avklaring**

*Vedtak:*

*Endring i retningslinene kan ikkje ha tilbakeverkande kraft. Juryen må difor avgjere om dei meiner at dei utgjevingane som er meldt på er kvalifiserte. Styret vil gjere endringar i retningslinene for å gjere dei tydelegare på kva som er rekna som ei norsk utgjeving og kor lang ei slik utgjeving minimum må vere. Desse endringane vil gjelde frå 2021, og vil bli handsama i styremøte 2020/06.*

### **Styresak 2020/52 Folkemusikkssendinga – informasjon om plan**

*Vedtak:*

- a) Styret godkjenner at vi arbeider vidare etter den planen som er byrja, men vil godkjenne kjøreplanen før den blir endeleg spikra. Det er ønskje om fleire kvinnelege utøvarar og god marknadsføring.*
- b) Om det er trong for meir pengar enn budsjettet til sendinga, må det avgjerast i styret.*
- c) Styret gir så snart som mogleg beskjed til dagleg leiar om dei ønskjer å vere til stades under sendinga og om dei treng overnatting.*

### **Styresak 2020/53 Presentasjon av utkast til folkartist.no**

*Vedtak: Vi held fram med arbeidet med folkeartist.no, slik det er skissert i utkastet. For å bli registrert i folkartist.no må ein vere medlem i FolkOrg.*

### **Styresak 2020/54 Strategi for folkemusikk og folkedans – første drøfting**

*Vedtak: Styret stiller seg bak hovudpilarane frå oppsummeringa av dei ulike temamøta som vi har arrangert som forarbeid til Strategi for folkemusikk og folkedans.*

*Desse fire hovudpilarane er:*

- 1. Stabile strukturar med gode fagpersonar.*
- 2. Meir tilskot og mindre byråkrati*
- 3. Utdanning og opplæring*
- 4. Sterkare og fleire arrangørar.*
- 5. Internasjonalt samarbeid og merksemd.*

*Styret vil handsame utkast til skriftleg innspel til Kulturdepartementet i styremøte 2020/06.*

### **Styresak 2020/55 Medarrangør for folkedanshelg på Riksscenen hausten 2021**

*Vedtak: FolkOrg skal vere med å arrangere folkedanshelg på Riksscenen hausten 2021, ved å leggje dommarseminar og rekrutteringsseminar til Oslo den aktuelle helga. Vi skal også bidra til helga ved å arrangere ein debatt med eit aktuelt tema innan folkedans.*

### **Styresak 2020/56    Alternative løysingar for Landskappleik og Landsfestival 2021**

*Vedtak:*

- 1. Styret i FolkOrg tek endeleg avgjersle på om det blir Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk innan 1.mars 2021.*
- 2. FolkOrg vil ikkje krevje leige av lokal arrangør om arrangementet må avlysast grunna Covid-19-pandemien.*
- 3. Vi sender ut ei spørjeundersøking til medlemmene, der vi spør om kva dei ønskjer seg om det ikkje er mogleg å arrangere LK og LF på vanleg vis i 2021.*

### **Styresak 2020/57    Utforming av prosjektet Musikalske leiarar**

*Vedtak:*

*Prosjektet «Unge musikalske leiarar» blir utforma og organisert som skildra i prosjektbeskrivinga, men med eit tillegg om at vi ønskjer tre instruktørar, slik at både fele, hardingfele og trekkspel/durspel er dekkja opp.*

### **Styresak 2020/58    Eventuelt**

- a) Gnist-prisen vert gjort offentleg under sendinga «Folkemusikk i heile landet». Grunna smittevernrestriksjonane vert utdelinga gjort og filma på førehand, og denne filmen visast under sendinga.*
- b) Sina Myhr er ansvarleg for arbeidet med Dextra-prosjekta i FolkOrg. Etter årets tildeling vart gjort, vart ho spurt om å vere instruktør for ein av ungdommane som deltek i prosjektet. Styret drøfta om det oppdraget er i konflikt med jobben hennar i FolkOrg. Styret konkluderte med at det ikkje var nokon konflikt og at ho difor kunne ta på seg det oppdraget.*
- c) FolkOrg sender ei klage til Kulturdepartementet på deira avgjerd om å avslå søknaden om at 2023 får offisiell status som Folkemusikkens og folkedansens år.*

- d) Disse styrerepresentantane deltek på Folkelarm: Hilde Reitan, Thomas Nilssen og Thor Hauknes. Silje Solberg og Kristian Hanto er reserve om det er trong for det.